



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alvøen Gamle Mølle AS
Alvøveien 130 c/o Alvøen AS
5179 GODVIK

Vår dato: 29.05.2019
Vår ref.: 201838490-7
Arkiv: 311 / 056.4
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22959528 / baso@nve.no

Alvøen Gamle Mølle AS - etablering av flomløp og senking av høgste regulerte vasstand (HRV) for dam Småvatn ved Alvøen, Bergen kommune - tiltaket er vurdert ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 31.08.2018 om etablering av flomløp og senking av HRV for dam Småvatnet ved Alvøen. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Det vart gjennomført ei revurdering av dam Småvatn i 2014 og utført ny flomberekning som vart godkjent av NVE 28.02.2018. Dam Småvatn har i dag ikkje eigen overløpskonstruksjon. I godkjenning av revurderinga er det ein føresetnad at det vert bygd eit nytt fast flomoverløp. Dimensjonerande flomvasstand (DFV) skal då vere under topp dam. For å tilfredsstille kravet om at det ikkje skal renne vatn over damkrona ved ein slik flaum må dammen anten byggast på i høgda eller dagens vasstand må senkast. Ut frå den kulturhistoriske verdien av dammen ønsker ein ikkje tiltak som endrar på sjølve dammen.

Flomberekningane viser at det er berekna ei flomstigning på ca. 60 cm. Stabilitetsberekning av sjølve dammen viser også at dammen ikkje er stabil ved dagens mogleg høgste vasstand. For å tilfredsstille krav til stabilitet må vasstanden senkast. Dette vil utgjere eit betydeleg tap av magasin og vert vurdert som lite ønskeleg ut frå interesser rundt magasinet. Andre tiltak vil derfor vere aktuelle for å tilfredsstille stabilitetskrav til dammen.

For å tilfredsstille krav om å ikkje overtoppe damkrona, og bidra til å gjere dammen meir stabil, vert det søkt om å senke høgste regulerte vasstand (HRV) med inntil 0,8 m. Ny HRV er tenkt etablert ved å bygge eit nytt fast overløp i bukta rett sør for den gamle dammen. Her vil de bli bygd ein terskel med ca. 15-20 meters lengde. Overløpet frå denne vil bli ført i ein kanal ned til sjøen, sjå kart vedlagt.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Dam Småvatnet - hovuddata		
Nedbørfelt	km ²	6,3
Damtype		Murdam
Høgde	m	~10
Lengde	m	58
Kronebredde	m	5,2 (varierer noko)
Konsekvensklasse		2
Byggeår		1799, påbygd 1901
HRV	moh.	21,8 (NN 1954), 20,26 (NN2000)
LRV	moh.	~11,5 (NN 1954)
NV (Naturleg vasstand)	moh.	Ikke kjent
Magasinoverflate	km ²	
Magasinvolum	mill. m ³	Ca. 4

Høyring

Meldinga er sendt Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland på høyring. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har motteke følgjande uttalar:

Bergen kommune gav uttale i saka den 20.12.2018:

«Byrådet i Bergen har i dag 20.12.18 behandlet saken, og fattet følgende vedtak:

Byrådet avgir høringsuttalelse til Norges vassdrags- og energidirektorat i spørsmål om konsesjonsbehandling av nytt flomoverløp ved Alvøen Gamle Mølle AS sin dam Småvatn, slik den fremkommer av byrådets forslag.

Byrådets forslag lød:

Bergen kommune vil gi anerkjennelse til eiers initiativ for å få revurdert og foretatt nye beregninger for Dam Småvatn. Ambisjonen om å etablere et nytt fast flomoverløp for dammen samsvarer godt med kommunens arbeid med overvannsspørsmål for blant annet å etablere kunnskap og system for å unngå skade på bebyggelse i perioder med stor nedbørsmengde.

Kommunen deler fullt ut eiers ønske om å unngå tiltak som berører selve dammen og dens kulturhistoriske verdi. For kommunen er også selve lokaliteten sine kulturminneverdier et sentralt tema, dette er nærmere utdypet nedenfor. Tiltaket vil for øvrig ikke ha nevneverdig innvirkning på områdets grøntfaglige verdier og interesser. Ved tildeling av konsesjon forutsetter kommunen at NVE gjør de nødvendige tekniske vurderingene som skal til og sikrer at tiltaket ikke er i strid med vedtatt arealbruk og vernestatus i området.

Om lokalitet og plansituasjon

Alvøen er ett av de eldste industrisamfunn i Bergen, og både kulturmiljøet rundt fabrikkplanlegget og hovedhus med hageanlegg har høy verneverdi. Eiendommen Alvøen er kjent siden middelalderen. I 1626 ble det her etablert et kruttverk, som midt på 1700-talet ble kjøpt av familien Fasmer, en av de fremste bergenske kjøpmannsslektene. Hendrich Jansen Fasmer (1766-1836) drev en omfattende virksomhet i Alvøen: foruten kruttverket også salpeterverk og oljemølle, og fra 1797 også papirfabrikk. Vannkraften på stedet ble allerede utnyttet i forbindelse med kruttmøllen. Dam Småvatn som er bakgrunnen for denne saken, har trolig kommet til i forbindelse med etableringen av papirfabrikken. Industrietableringen på stedet kan langt på vei forklares med at det der var tilgjengelige vannkraftressurser i en tid da andre

energikilder ikke lot seg nyttiggjøre. Dam Småvatn er blant de eldste damanlegg i Bergen som fremdeles er i bruk til regulering.

Kulturminneverdiene i Alvøen består i dag av en rekke godt bevarte enkeltbygninger, i og rundt fabrikkkanlegget der tiltaket er planlagt gjennomført. Et vesentlig aspekt ved kulturminneverdiene på stedet er sammenhengen mellom fabrikk, damanlegg, arbeiderboliger og fabrikk-eierens bolig, med tilhørende allé og hageanlegg. Alvøen er som helhetlig kulturmiljø svært godt bevart, og sammenhengen i miljøet bør ikke brytes. I Bergensområdet er det svært få kulturmiljøer der lystgårdstradisjonen møtes med tidlig industrihistorie, og der arbeiderboliger, eldre teknisk og sosial infrastruktur er så godt bevart. I gjeldende kommuneplanens arealdel er Alvøen avmerket som hensynssone kulturminner og kulturmiljø og bestemmelsesområde historisk sentrum. Hovedbygningen og noen driftsbygninger er også fredet i henhold til lov om kulturminne og drives i dag som museum.

Kommunens kulturminnefaglige vurdering av tiltaket

Tiltakshaver viser til at det er hovedhuset på Alvøen som er registrert i kulturminnebasen www.kulturminnesok.no, og et militært batteri på den andre siden av vågen. Tiltakshaver ønsker videre å ta hensyn til selve dammens kulturhistoriske verdi og at det ikke legges opp til noen inngrep i denne. Bergen kommune anser det som positivt at tiltakshaver ikke vil foreta noen inngrep i dammen, og støtter dette.

Samtidig vil kommunen peke på at det finnes betydelige kulturminneverdier omkring de kanalalternativene som skisseres i saken. Som tiltakshaver peker på er Alvøen hovedgård registrert i kulturminnebasen www.kulturminnesok.no. Dette gjør bare delvis rede for anleggets og miljøets verneverdi og formelle vernestatus. Alvøen hovedgård er et fredet kulturminne, og forvaltes av Bymuseet i Bergen sammen med paviljong, arbeiderbolig, leskur, hønsehus og hageanlegg. I tillegg er hele fabrikkkanlegget, alléen mellom fabrikkkanlegget og hovedhuset, og hovedhuset med hageanlegg og paviljong regulert til spesialområde bevaring. I arealdelen i gjeldende kommuneplan for Bergen er Alvøen omfattet av retningslinjer for hensynssone kulturmiljø H570_241. Bergen kommune mener at saken skal vurderes på bakgrunn av at det her dreier seg både om et fredet kulturminne, et kulturminne og kulturmiljø som er vernet etter Plan- og Bygningsloven, og at det samlede kulturmiljøet i Alvøen har erkjente verneverdier.

Tiltakets konsekvenser for kulturmiljøet og sammenhengen mellom hovedhus, allé og fabrikkområde, er etter kommunens syn ikke tilstrekkelig gjort rede for. Hvordan de to skisserte kanalalternativene vil virke på kulturmiljøet er vanskelig å vurdere ut fra det materialet som foreligger. Alternativene er heller ikke tegnet ut på en måte som gjør det mulig for kommunen å vurdere de opp mot hverandre. En kanal ført i dagen – eventuelt anleggelse av rør under grunnen - rett gjennom kulturmiljøet, vil kunne ha betydelige negative konsekvenser for kulturmiljøet, selv uten at enkeltbygninger rives.

Alternativ 1 ser ut til å gå rett bak fabrikkbygningene og føres tvers gjennom alléen fra fabrikkkanlegget til hovedgården. Denne alléen er beplantet med en eldre bevaringsverdig trerekke, og det er vanskelig å se for seg en kanal her som ikke vil innebære inngrep i alléen. Alléen er et utomhuselement som har høy hage- og miljøhistorisk verdi, og må ikke skades eller endres. En kanal her vil også måtte komme i konflikt med en eldre kjørevei bak fabrikkkanlegget som fører opp mot Prøyfjellet, som ble brukt til å teste kvaliteten på kruttet i tiden da Alvøen var en kruttmølle. Den skisserte kanalen vil også gå svært nær den såkalte «Kolasvalen» som er et leskur fra ca. 1850. Videre ligger forslaget til kanal slik i terrenget at den vil være et nytt synlig element i kulturmiljøet som vil forstyrre opplevelsen av stedets autentiske karakter. Kommunen

stiller og spørsmål ved hvorvidt et slikt tiltak kan gjennomføres uten at selve anleggsarbeidet vil skade kulturminner og kulturmiljø.

Alternativ 2 som går gjennom fabrikkkanlegget, er ikke tilstrekkelig beskrevet. Det er derfor uklart for kommunen hvilke konsekvenser dette vil ha for kulturminneverdiene knyttet til fabrikkkanlegget.

Anbefaling

Kommunens gjennomgang har vist at tiltak 1 og 2 ligger i et område som omfattes av planbestemmelser og hensynssone kulturmiljø H570_241 i kommuneplanens arealdel, i tillegg til at det er bygg i området som er fredet etter lov om kulturminner. Det er ut fra dette sannsynlig at kulturminner i lokalområdet vil bli berørt av de to alternativene.

Bergen kommune er kommet til at det tilsendte materiale ikke er tilstrekkelig til å fastslå hvilke konsekvenser de ulike alternativ vil ha for allmenne hensyn i området, med vekt på lokale kulturminneverdier. Det som her fremkommer taler for at tiltaket bør gjøres til gjenstand for konsesjonsbehandling.

Bergen kommune vil oppfordre til at det blir lagt fram alternative løsninger der det lokale kulturmiljø i større grad skjermes mot tekniske inngrep. Illustrasjoner i den forbindelse må beskrive aktuelle/vurderte løsninger på en slik måte at det blir mulig å vurdere hvilke konsekvenser de vil ha for de lokale kulturminnene.»

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje merknader i saka.

NVE si vurdering

Det vert opplyst at dam Småvatn er eit av dei eldste damanlegga i Bergen som framleis er i bruk til regulering. Dammen er vurdert som eit teknisk- industrielt kulturminne av stor verdi. Kulturminnesøk opplyser at dam Alvøen/Småvatnet er frå 1799. Dammen vart truleg bygd i samband med etablering av papirfabrikk i Alvøen. Papirfabrikken vart etablert i 1797 og det vart produsert papir på staden fram til 1981. Alvøen Gamle Mølle leiger i dag ut lokale og leverer vatn til Firda Settefisk Alvøen AS som er eit konsesjonsfritt anlegg. Det føreligg ikkje konsesjon for regulering av Småvatnet/Alvøyvatnet. Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring forbi dammen.

For å tilfredsstille krav til sikkerheit vert det søkt om å senke høgste regulerte vasstand (HRV) med inntil 0,8 meter. Ny HRV er tenkt etablert ved å bygge eit nytt fast overlaup og flomkanal i bukta sør for den gamle dammen. Her vil de bli bygd ein terskel med ca. 15-20 meters lengde. Overløpet frå denne vil bli ført i ein ca. 190 m lang open kanal ned til sjøen.

Øvre del der tiltaket er planlagt består av blandingsskog som er vanlig for området, nedre del ligg i tilknytning til bygningsmiljøet ved Alvøen. Søkjar viser til at det sør for Småvatn er registrert gulspurv som er nær truga (NT) på raudlista. Det vert elles opplyst at det er aure og gjedde i vatnet. NVE har gjort søk i Artskart og Naturbase den 15.04.2019. Det er ved sidan av gulspurv ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar knytt til influensområdet. NVE vurderer at gulspurv i liten grad vert påverka av tiltaket. Med søk i databasar, høyringsuttalar og eigne erfaringar vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg for å vurdere konsesjonsplikt jf. naturmangfaldlova § 8. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald vil bli negativt påverka av det planlagde tiltaket.

For å etablere flaumkanalen må det sprengjast og takast ut ein del fjellmasse, som må deponerast eller nyttast. Kor mykje massar det er snakk om og korleis desse skal handterast er ikkje omtalt i søknaden. Plan for overskotsmassar kan like gjerne behandlast etter plan- og bygningslova som etter vassressurslova. NVE viser til at ev. ureining frå anleggsarbeid og deponering av massar må avklarast med Fylkesmannen i Vestland.

Det planlagde tiltaket kjem ikkje i konflikt med bevaring av dammen som kulturminne. Tiltaket kjem vidare ikkje i direkte kontakt med andre registrerte kulturminne. Bergen kommune skriv at det er positivt at tiltakshavar ikkje vil foreta inngrep i dammen, og støttar dette. Når det gjeld den kulturminnefaglege vurderinga viser Bergen kommune til at Alvøen hovedgård er eit freda kulturminne som vert forvalta av Bymuseet i Bergen. Alvøen hovedgård ligg like sør for planområdet og vert ikkje direkte påverka av tiltaket. Bergen kommune skriv i deira uttale: *«I tillegg er hele fabrikkanlegget, alléen mellom fabrikkanlegget og hovedhuset, og hovedhuset med hageanlegg og paviljong regulert til spesialområde bevaring. I arealdelen i gjeldende kommuneplan for Bergen er Alvøen omfattet av retningslinjer for hensynssone kulturmiljø H570_241. Bergen kommune mener at saken skal vurderes på bakgrunn av at det her dreier seg både om et fredet kulturminne, et kulturminne og kulturmiljø som er vernet etter Plan- og Bygningsloven, og at det samlede kulturmiljøet i Alvøen har erkjente verneverdier.»*

Ut frå søknad og høyringsuttalar er det ikkje forhold som tilseier at tiltaket vil vere til ulempe for nokon allmenne interesser i tilknytning til vassdraget. NVE vurderer at best mulig ivaretaking av kulturmiljøet kring Alvøen kan avklarast i dialog med Bergen kommune.

Tiltaket må utførast etter regelverket i damsikkerheitsforskrifta og følge dette.

NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, bør tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan tre år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 19. Det kan søkast om utsetting ein gong.

Vidare sakshandsaming

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga av 31.08.2018. Ved endringar i planane bør ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging.

Tiltak som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, skal i utgangspunktet byggast etter reglane i plan- og bygningslova. Dam Småvatn er vedtatt plassert i konsekvensklasse 2 etter forskrift for damsikkerheit, og forskrifta gjer seg gjeldande for utbygginga. Det nye flomoverløpet og flomkanalen utgjer ein del av vassdragsanlegget. NVE er vedtaksmyndigheit for denne og ansvarleg for godkjenning av tekniske planar. Byggesak og ev. dispensasjon frå reguleringsplankravet må behandlast av Bergen kommune. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for nødvendige avklaringar og for å få dei

nødvendige løyva. Tiltakshavar må også avklare med Fylkesmannen om det er naudsynt med løyve etter ureiningslova.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kart over området med planlagt overløp og kanal

Kopi til:Kopi til:

BERGEN KOMMUNE
Fylkesmannen i Vestland
Hordaland fylkeskommune

Kart over området, planlagt overløp og kanal er vist med raudt.

